

Oppstart av arbeidet med områdeplan for "fylkesveg 57 i tunnel mellom Knarvik og Isdalstø" skal kunngjeraast og varslast i samsvar med plan- og bygningslova §12-8.

Framlegg til planprogram for områdeplan "fylkesveg 57 i tunnel mellom Knarvik og Isdalstø" vert samstundes sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §4-1.

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 14.12.2011**

##### **Framlegg frå J-E Hope-H:**

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt.

Plan- og miljøutvalet skal sjå planen i samanheng med områdeplan Knarvik, spesielt med tanke på skyssstasjonsløysinga.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 14.12.2011**

Oppstart av arbeidet med områdeplan for "fylkesveg 57 i tunnel mellom Knarvik og Isdalstø" skal kunngjeraast og varslast i samsvar med plan- og bygningslova §12-8.

Framlegg til planprogram for områdeplan "fylkesveg 57 i tunnel mellom Knarvik og Isdalstø" vert samstundes sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §4-1.

Plan- og miljøutvalet skal sjå planen i samanheng med områdeplan Knarvik, spesielt med tanke på skyssstasjonsløysinga.

### **PS 228/11 2. gangs handsaming av kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden**

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

På bakgrunn av merknadane som er mottekte i høyringsperioden, vert det gjort følgjande endringar i framlegget til kommunedelplan, jf. saksframlegget og vedlegga:

- Plassering av naustet i naustområde NA3 vert justert.
- Tomt 58/62 på Indre Lygra vert endra til bustadføremål.
- Tomt 58/164 på Indre Lygra vert endra til bustadføremål.
- Det vert teke inn areal som spreidd næring ved tunet på Spjeldnes gard 87/1, som omfattar fjøset og areal til parkering. Det vert ikkje opna for nye bygg.
- Nyregistrerte gyt- og oppvekstområde for marin fisk vert teke inn i planen i samsvar med innspeil frå Universitetet i Bergen.
- Naustområde NA4 ved kaien på Risa, vert utvida slik at det også omfattar eigedomen 123/2. Det vert opna for 3 nye naust i NA4, samtidig at eldre naust kan erstattast av nye.
- Det vert teke inn eit område for spreidd busetnad på Lygra.
- Naustområde 83/1 på Spjotøy vert flyttet.
- Avgrensinga av område SB2 for spreidd busetnad på Ones vert justert i samsvar med motsegn frå Hordaland fylkeskommune.
- Område SN2 for spreidd næring på Lygra vert teke ut av planen på bakgrunn av motsegn frå Hordaland fylkeskommune.
- Avgrensinga av omsynssone of7 vert endra slik at det omfattar heile det statleg sikra friluftsområdet.
- Det vert sett av eit område for småbåthamn med offentleg tilgjengeleg slipp og kano-/kajakkutsettig på Kvalvågnes. Det vert teke inn føresegner som ivaretak dette.
- Område F2 for kajakkutsettig, parkering og badeområde vert teke ut av planen.
- Det vert sett av eit område for sjøsetting av fritidsbåtar og parkering ved tomta til tidelegare Fjellstrand møbelfabrikk på Lindås.
- Næringsarealet i Brusundet på Lygra vert justert.
- Hordaland fylkeskommune si motsegn til føresegnene vert imøtekomen, og desse vert